

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2009

Innsamling av jern

14. mars

Slovakisk middag

på Lerbrekk

Presta- krysset

Løa på lensmanns- garden



DET VÅRAST

Sjur Håland sin tale til 50-års festen for

Året 1958 var det året Kong Olav vart signa i Nidarosdomen. Anita Skorgan, Madonna, Kjell Inge Røkke, Micael Jackson og søstera mi Margaret vart fødte det året. Nikita Khrutsjov styrte Sovjetunionen etter tyrannen Josef Stalin. Det var eit år med stor uro i Midtausten. USA og Sovjetunionen kappast om å skyte rakettar ut i verdsrommet. Den amerikanske u-båten USS Nautilus segla som første båten under nordpolisen. I Norge var det i 1958 40 000 arbeidsløse og krise i tankmarknaden med 40 tankskip i opplag. Det var kald krig og 12 år sidan Churchill sin berømte tale om Europa sitt isande jernteppe.

Einar Gerhardsen, Landsfaderen, var statsminister. Harald Johan Løbakk frå Trysil var Landbruksminister. 1958 var ikkje meir enn 13 år etter krigen. Og forbindelsen med, og begeistringa for, USA med generalen og møllarsonen Eisenhower som president, var på topp.

Roc'n roll var nytt og spanande blant ungdommen. Jim Reeves sang Four Walls og I love you because, medan Elvis Presley avtente verneplikta i Vest-Tyskland og vart forelska i ein liten jentunge som heitte Pricilla.

Heime på Jæren styrte våre foreldre, besteforeldre og oldeforeldre med sitt kvardagsstrev. Utan fjernsyn og data. Utan mobiltelefonar eller skjermar med teiknefilm på nakkestøttene i bilane. Joggesko med blinklys og flyreiser til syden hadde ingen høyrte om.

Me hadde ein radio og ein kanal. Med kjendisar som Halvdan Heggstun, Rolf Kirkvaag, onkel Laurits, Alf Prøysen og Kåre Fostervoll. Nokre hadde gjerne ein platespillar med 78 plater på. Jens Book Jensen sveiv i ein svimlande fart på grammfonen medan mor bakte brød eller sydde rullepølse på kjøkkenet. Me hadde divan med divanteppa på veggen. Nokre få hadde bil i tunet. Far hadde ein Tempolett-moped med trøer.

I 1958 var det slutt på dei gamle grendeskulane på Varhaug. Eit langt kapittel var slutt. Skulane på Auestad, Lerbekk, Ualand, Ånestad og Odland var historie. Eit nytt kapittel i bygda si historie tok til. Kapitlet heitte Varhaug skule – og i dag er Varhaug skule – okka kjære skule - 50 år.

11 år etter 1958, altså i 1969 begynte eg på skulen. Me var 17 i klassen. Mor var med den første timen, så gjekk ho heim – og så var eg åleine i den store, nye og framande

verda. Ein av gutane i min parallellklasse stod og grein fortvila i første friminuttet. Han sakna mor. Læraren hans, Fru Rannestad, måtte bort til guten å leggje armane rundt han og trøysta. Det var tøffe tak for små karar. I dag er både eg og den guten blitt vaksne menn på 46 år. Men Varhaug skule gløymer me aldri.

Eg hadde ny ransel med penal, matboks og mjølkeflaske. Tenk mjølkeflaske. I matfriminuttet var mjølka blitt lunke. Og eg hugsar enno den spesielle lukta i ranselen etter mjølkedropar som etter kvart samla seg opp og levde sitt eige liv i botnen på ranselen.

Det er sikkert ein del av dei vaksne som trur at det ikkje går an å verte forelska når ein er 7 år. Det er heilt feil. Det veit eg, og det veit de som er elevar. Eg var forelska i ei jente som sat langt framme i pulttrekkja ved veggen. Ho hadde grøn kjole, kvite sokkar og svarte skor. Ho hadde lyst hår og eit smil og eit ansikt så søtt at eg ikkje greidde å la vere å sjå den vegen der ho sat. Ho var den aller finaste jenta eg hadde sett i heile mitt korte liv.

Så det å vere forelska, var noko av det første eg lærte på skulen. Og det kom meir. Mykje meir.

Les og skriva og rekna kom etter kvart. Eg lærte at slåsskampar mellom dei sterke gutane i friminutta var spanande og skummelt og ulovleg.

Eg lærte om Hardangerfjorden, men og om:

Filefjell, og om kvifor det er dag – og kvifor det blir kveld. Eg lærte om Abraham, om Isak og Lot, om storting og regjering – og om det kongelege slott. Eg lærte å pusse skjerefjøl med sandpapir og fil, og om at det var skilnad på referat og stil. Og egg og sukker og mjøl og smør, vart småfine kaker – det kunne eg ikkje frå før.

I fjerde klasse fekk me fyllepenn og trekkpapi, og måtte skriva fint. Same året måtte me oppi det store og skumle og iskalde bassenget på Nærbø kvar 14. dag.

I femte fekk me blokkfløyte. Grøss og gru og stakkar lærarar som måtte halda ut med dei lydane!

or Varhaug skule

Og kvart år kom helsesøster, fru Egeland med sitt milde smil, men med akk så spiss og skummel reiskap. Og så kom tannpleiaren med den ekle fluoren som me måtte stå på rekke og pusse tennene med nedi kjellaren attmed festsalen. Opp og ned, opp og ned – fram og tilbake var forbudt.

Friminutta var fantastiske for spreke jenter og gutar. Det var bønn gass med fotball og handball og slå ball. Me sprang så grusen skvatt og knea blødde. Eg trur eg kom heim med hol på buksekneet minst ein gong i veka. Det var ikkje så farleg. Mor sydde på ein lapp.

I dag har heldigvis både lærarar og rektor førenamn. Det hadde dei ikkje då eg begynte på skulen. Einaste med førenamn var vaktmeisteren – han heitte Jon.

Elles var det Rannestad, Driveklepp, Kyllingstad, Skårland, Mjåland, Mosigje og Fitjar. Det var fru Ånestad, fru Rannestad, fru Skår og fru Løge – og mange andre.

No er eg ferdig med skulen – for lenge sidan. No er også mine fire ungar ferdig med Varhaug skule.

Men eg går framleis på skulen – og det kjem eg til å halde fram med så lenge som eg lever. Kva den skulen heiter? Livets skule vel! Klasserommet er over alt. Eg lærer noko nytt kvar einaste dag anten eg er medviten på det eller ikkje. Sånn kjem det til å bli og sånn er det med dykk også.

Kva er det som gjer oss i stand til å lære noko nytt kvar dag? Jau, ein viktig og avgjerande del av den æra skal Varhaug skule ha. Ikkje berre æra for det teoretiske grunnlaget som skriving og lesing og rekning. For der lærte eg å oppføre meg. Eg lærte å vere saman med andre og å fungere sosialt utanom heimen. – eg lærte å bli eit sjølvstendig, tenkjande menneskje med tru på meg sjølv – med tru på mine medmenneskje og med dei solide verdiane i botn som det norske samfunnet er bygd opp på gjennom historia.

På vegne av alle oss som har slitt linoleumen og kjent den spesielle skulelukta av stensilsprit og bonevoks og fuktige klede og tjukke sokkar og fluor i gangane på Varhaug skule desse 50 åra:

Takk til noverande og tidlegare lærarar og tilsette - for det de gav – og framleis gir oss. Takk for gilde minner og avgjerande viktig kunnskapsformidling. De er utruleg viktige i høve til nye generasjonar her på Varhaug som skal ha starthjelp for å nå opp – og nå fram som dugande menneskje, varhaugbuar og gode verdsborgarar. Den rolla fyller de på beste måten.

Varhaug skule er ei stor bedrift med 400 flotte unge elevar og 51 litt eldre tilsette. Me er mange som gler oss til at nybygg og påbygg er ferdig om eit par år. Eg er ikkje i tvil om at me vil stå godt rusta til å møte dei neste femti åra i kapitlet om Varhaug skule.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Ingunn Helen Reiestad, bondelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget

Lerbrekk skule

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorps

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymselekednad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*

Kult i korps

Å spille i korps er kjempegøy. Nylig var korpsingene fra Varhaug på seminar sammen med korpsinger fra Hundvåg og Soma. Nesten 100 stk var samlet på Motland Skule. Det var spilling hele lørdagen, med 6 proffe instruktører.

Etter spillingen, gikk alle til Nye Loen, der vi hadde leid ishallen i 2 timer. Etter det var det filmkveld og kos på skulen. Det er spennende å overnatte med så mange kjente og ukjente.

Søndagen var det mer øving, før seminaret blei avslutta med en flott konsert. Både hovedkorps og aspiranter/juniorer imponerte.

S.M.

Benjamin Johannes, Oda Josefine, Segehen, Lene og Elisabeth i full konsentrasjon.



Her ser vi litt av hovedkorpset i aksjon på konserten.





MESTERHUS

– det blir som avtalt

**Benytt deg av
sjansen til å kjøpe!**



Klar til å flytte inn i nå

Enebolig i rekke - Ringveien, Varhaug



Leiligheter - Bratland, Varhaug



Enebolig - Motland, Nærbø

Velkommen innom!

Vi har mange spennende prosjekter



MESTERHUS



SIBYGG

www.sibbygg.no



Frå redaksjonen.

Sjølvsagt om me alt er langt uti mars, vil eg ynskja alle lesarane eit godt nytt år! Mange av oss har kanskje mange gode nyttårsplanar om alt dei skal gjera i det nye året, og alt dei ikkje skal gjera f eks røyka. Slikt bryr eg meg ikkje om, ein må ta det som kjem uansett. Og dei fleste vert lett skuffa når ting ikkje går slik dei vart planlagde. Men ein plan må eg halda meg til, og det er kva tid Varhaugbuen skal vera klar. Nå sit eg her og skal sy saman første nummer i 09, og det er i grunnen alltid like gildt. God blanding av stoff i rett tid gjer det ganske enkelt for meg, og litt spanande er det og. Denne gongen får me og med talen som Sjur Håland hadde skreve til 50 års festen for skulen vår, i tillegg til hans faste "skråblikk". Me i Varhaugbuen set veldig pris på at Sjur vil koma med eit innlegg til kvart nummer, og det reknar eg med at lesarane og gjer. Helsinga frå Prestakrysset vil nok mange kjenna seg igjen i.

Stoff frå gamle dagar.

Sverre Varhaug var ein ivrig bidragsytar med stoff frå gamle dagar. Heldigvis er det andre og som kjem med innlegg frå den tida, denne gongen Sverre Aane-stad.

Er det andre i bygda som har noko dei kan tenka seg kunne ha interesse for andre, så er det berre å ta kontakt med ein i styret eller Liv.



Litt om bestefar, Sven Hansen Aanestad



*Karen Marie Sørle
frå Skjeberg i Østfold*

Sven Hansen Aanestad

Bestefar, som var av gamal Mossigeslekt, var fødd 7. november 1855, og var gift med Karen Matie Sørle frå Skjeberg i Austfold. Ho var fødd 11. januar 1860, og dei vart gifte 31. august 1888.

Etter folkeskulen, og ein vinter på ungdomskurs, gjekk han Buddes landbruksskule på Austrått. Sidan, i 1875-1876 gjekk han landbrukshøgskulen på Ås, ei høg utdanning i den tid. Så vart han tiset som overlærer på Kalnes jordbruksskule og der varhan i 15 år. På Kalnes var der også husmorskule, og der vart han kjent med Karen Marie Sørle; ho var handarbeidslærarinne. Og i 1888 vart dei gifte. 7 år seinare, i 1895, kom dei heim til Ånestad og overtok garden. Faren, Hans, døydde så tragisk i 1866; han blødde seg ihel av naseblod, bare 53 år gamal. Etter hans død, gifta enkja, Ingeborg; ho var dotter til Rasmus Eriksson Hobberstad, seg med svogeren, Anton, bror til Hans. Sidan Anton var 13 år yngre enn Ingeborg, måtte han løysa kongebrev for å få lov til å gifta seg med henne, og dei dreiv garden fram til 1895. Dei var då gamle, 59 og 72 år, og var nok nokså utsletne. Men garden var skriven på Sven, 13 år gamal, då faren var død. Han hadde berre ein bror som levde opp; det var Rasmus, som seinare gifta seg til gard på Kvía. Ein av deira etterkomarar var "Bondevennen" Hans Aanestad.

Men Sven stoppa ikkje lenge på Ånestad. Han reiste til Vestnes i Romsdal, og var styrar på Romsdal landbruksskule eit år. Så, i 1901 vart han tilsett som amtsagronom i Stavanger amt. Denne stillinga hadde han til 1911. Han vart då rektor på den nyoppretta vinterlandbruksskulen på Jæren. Her var han like til han døyde, 24. Oktober 1918.

Då han kom heim til Varhaug vart han snart dregen inn i styr og stell i bygda. Alt i 1898 var han med i formannskapet, og var også ordfører i fleire perioder. Han møtte også i amtstinget. Der var ein gong spørsmålet oppe om å forby bilkjøring, for det skremde "både kye og hesta". Han stemde mot, for dette var ei utvikling som ein ikkje kunne stansa.

Ellers ser det ut for at han hadde ei hand med i mykje av det som skjedde i bygda. Då det rundt århundreskiftet vart arbeidt med meieri på Varhaug, gjekk han imot. Dei Ånestad, Hobberstad, og andre hadde då levert mjølk til Nærbø. Han trudde der var for lite mjølkeproduksjon på Varhaug til at det ville svara seg å byggja meieri. Han meinte at dei nøre gardane skulle levera til Nærbø, og dei søre til Vigrestad, der det allerede var meieri. Då var der ikkje veg frå Ånestad til stasjonen, så dei måtte kjøra om Lerbrekk. Det er sagt at han fekk ikkje lite vondord for dette, og synet hans vann ikkje fram. Men så baud Sivert Høyen og Erik Husveg seg til å byggja ny veg opp gjennom markene sine til Sørå åna, og dei Ånestad bygde resten av vegen på dugnad. Amtstilskotet dekkja ikkje alle utgiftene med brua, så dei to måtte dekkja resten. Likevel vart Sven vald til den første styreformannen i meieriet. Han var også den første formannen for Jæren Elektrisitetsverk. Det starta opp og leverte den første straumen rett før jul i 1914. Også Varhaug mølle var han med i det første styret, då dei bygde og starta opp i 1915. Han var oppteken av skogplanting og kanskje serleg kulturbeitesaka, og arbeidde mykje for dette både i skrift og praksis. Han hadde lært seg noko tysk ved sjølvstudium, så han reiste til Sveits og Tyskland og studer-

te landbruket der. Som meieristyreformann vart han send til England for å selja smør. Koss han klarde seg med språket? Vart han spurd. Jau, sa han, når man kan snakke sitt jermål purt og rent, kan man reise overalt.

I dei siste åra var han oppteken av foredling av norsk korn, og når Rogaland fekk sitt kornsamlag på Forus, hadde han mykje av æra for det. Endå så seint som i 1951, hadde dei ståande byggkorn som hadde namnet Ånestad.

Dette med å nytta ut heibeite var og eit av hans interessefelt.

Det er sagt at han slutta aldri med sin skulegang, men fortsette med det så lenge han levde. Han hadde, etter den tids målestav, ei stor boksamling på norsk og andre språk, serleg svensk. Han skreiv mange artiklar både i fagtidsskrift og andre organ. Han var den første medlemmen frå Varhaug i Historielaget for Rogaland, og hadde artiklar i årsheftet nr. 2 (1916) og nr. 5 (1918).

Så litt om kona Karen Marie: Det må ha vore eit stort omskifte for Marie, som ho stort sett vart kalla, å koma frå sine heimetrakter, og si slekt, til ein ny dialekt, ein annan kultur, og med svigermor på same kjøkken, og svigerfar, Anton, som hadde snekkerverkstad på loftet, på søre salen. Og mykje av tida var ho heime åleine, for Sven var mykje borte. Her må me ta med at i fem år hadde dei Petter Vagle som gardsbestyrar. Var det derfor at han fekk

både kone og gard på Ånestad? Men om Marie står det skrive, ho kom og vann. Det var ikkje for ingenting ho fekk namnet "fru Ånestad". Det vart sagt at ho var heilstøypt, praktisk, intelligent, og hadde eit fint vesen. Det er fortalt om henne, at kom der ein uventa gjest, og ho hadde lite å by på, då sa Marie at man kan i hvert fall dekke med fin duk og service, og bære maten pent frem. Det vart rekna som ei ære når fru Ånestad kom, med hatt på hovudet; ho brukte ikkje plagg. Ho hadde og overskot til å ta seg av fosterbarn, og der var mykje gjester i heimen, både av slekt og kanskje ikkje minst av dei som Sven i sitt arbeid vart kjende med. Der er eit foto som viser gardsrommet fullt av hester og bestekjerrar, der heile Ånestadgarden var engasjert. Deltakarane var etter fotoet å døma, storfolk med svære hattar og store frakkar. Sven og Marie fekk 6 barn, men dei fekk den sorg at dei første døyddes som småbarn; det var Hans, død 6 år gamal, og Helge, som berre vart eit år. Dei andre var Jens Trygve, Ingeborg Berte, Hans Anton og Karsten Andreas. Marie fekk hjerneblødning og døyddes 10. juli 1934.

Dette er etter opplysninger frå Maria Aanestad Skjæveland, Ingfrid Aanestad Skjæveland, frå Bondevennen, Norsk Landmannsblad, Jubileumsskrift for Varhaug Meieri, og frå saga om Varhaug mølle, o.a.

Sverre Ånestad

Årsmøte Vennelaget Lerbrekk skule

vert på skulen torsdag
26. mars 09 kl. 19.00.

Vanlege årsmøtesaker, val.
Sjur Håland vert med. Det er alltid fornøyeleg å høyra på han.
God og vårleg allsong.
Matøkt og utloddning.
Velkommen til medlemar og andre som kanskje har lyst å verta medlem, eller er interessert i kva me driv med i Vennelaget.
Helsing styret v/Sigbjørn

Julekonserten 2008 med Kathrine Håland Varhaug.

I sist nummer av Varhaugbuen fortalde me om konserten som Kathrine skulle ha saman med Håkon Bjorland Hansen.

Det vart ei fantastisk oppleving, og Kathrine vil gjerne få takka for all støtte og gode ord. Det var fulle hus, både på Undheim. Varhaug og Ogna. Det vart sagt før konserten at overskotet skulle gå til hjelpearbeidet i Ukraina, gjennom stiftelsen K.P.K. Resultatet vart kr. 60.000 til dette arbeidet. Hjarteleg takk til alle som deltok for å gjera dette muleg, seier Kathrine.

Sigbjørn



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



FARGERIKE Halvorsen
Varhaug
Tlf.: 51 43 03 06 / 51 43 05 97

Styrevervskurs i Tysvær

Fredag 13-15. februar arrangerte 4H Rogaland, saman med nemnda i Tysvær og Karmøy, styrevervskurs på Tveit vidaregåande skule. I alt møtte det ca 160 medlemmar frå ulike klubbar, deriblant 5 medlemmar frå Svala.

Me ankom Tveit vgs i halv sju tida, og registrerte oss samt å rigga oss til i gymsalen på skulen. Klokka halv åtte fekk me kveldsmat i matsalen, og litt info generelt om tryggleiksreglar og diverse. Styrevervskurset vart opna på høgtideleg vis av ordføraren i Tysvær. Deretter vart me delte inn i dei ulike styreverva og byrja kursa. På kursa hadde me mange kjekke "bli kjent leikar", samt å læra om styrevervet. Sidan det var snø og fint vêr ute, hadde me og ein del leikar ute. Om kveldane kunne me vera i miljøtorget. Der var det sal av is, frukt og kiosk varer. I tillegg var det og lagt opp til "kino" på laurdagskvelden for dei som ville det.

Laurdagen starta bra med ein kjempe god frukost. Utanom det vanlege, fekk me både eggerøre laks og karbonade. Vidare på dagen haldt me fram med kursa. Me hadde ein pause midt på dagen der me grilla laks og karbonadar, etterfølgt av eit rideshow frå nokre av elevane på skulen. Etterpå haldt me fram med kursa igjen, før me byrja førebuinga til årsmøtet.

Som vanleg hadde me "gallamiddag" om kvelden, med god mat og under-



haldning. Sidan det var "valentines day", passa det bra at me trakk lapp med ein kavalier me skulle sitja med under middagen. Kjøkkenfolka svikta ikkje denne gonga heller, og laga sursteik med tilbehør. Altså ein skikkeleg festmiddag.

Klokka 08.15 på søndagen var det frukost, og det var mange trøtte, men sjølvsaugt blide fjes som møtte i matsalen. Etterpå var det pakking og

rydding av sovesalen, før me avslutta kursa, og gjorde oss klare til årsmøtet i 4H Rogaland. Alle skulle vera med på årsmøtet for å læra korleis det føregjekk. Nokre var observatørar, medan andre var årsmøtedeltakarar. Sjølve møtet byrja kl. 11.00 og vara fram til middagen kl.13.45. Etter middagen stod heimreise for tur.

Alt i alt, var det ei utrulig kjekk og lærerik helg!



NORGESHUS
Varhaug
BYGGMESTER
Jon Harald
Håland a.s
Opstadveien 653, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

H&O
HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E- mail: runeo@hro.no

Jæren Flis & Skifer as

ERIK JESSEN
Roslandsveien 311, 4343 Orre
Tlf. 51 43 55 78 • Fax. 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 • E-post: ej@hesbynett.no

VÅTROMS
GODKJENT

FLISER • SKIFER • MUR • PUSS



Vårkonsert.

Søndag 29. mars skal Varhaug Skulemusikkorps ha vårkonsert på Varhaug Misjonshus. Dei har og bedt med seg fleire andre korps.

Merk dykk dagen, der me kan få ei hyggestund med fin musikk.



Strikkekafeen.

Denne er i godt gjenge i kafeen på Mega den første måndagen i månaden frå kl. 16.30-19.00. pga. påskehelga vert det ikkje strikkekafe i april, men den siste gongen før sommarferien vert måndag 4. mai.



Varhaugmarken 2009

Varhaugmarken 2009, blir i år arrangert fredag 5. og lørdag 6. juni. Komiteen er i gang med planlegginga av årets marken og brikkene begynner og falle på plass. Mange av de faste innslagene som barneløp og varhaugmil, vil vi ha med oss i år også. Vi kan og fortelle at vi har fått Tønes til å ha konsert på fredagen, og satser på at det blir en like stor suksess som sist gang han var!

Marken gjør seg ikke selv, det er utstillere og deltakere samt besøkende som gjør at det blir en god marken. Vi vil spesielt oppfordre lag og organisasjoner til å delta på maken. Dette er en glimrendes anledning til å få vise seg frem til bygda. Påmelding for deltakere til årets marken er 15. Mai. Sett av første helga i juni til marken allerede nå. Snakkes på marken!

Årets markenskomite
Gordon Bø, Morten Tjemsland, Brit Jorunn Berentsen, Håvard Skretting, Helge Pettersen, Berit Skretting, Heidi Dubland Bø



Slovakisk middag på Lerbrekk skule



Det var mykje handarbeid før alt var klart. Solfrid Undheim Bergersen.



Her er hovedpersonen bak tiltaket Adriana Bjørk. Her ordnar ho bankeskjett til snitselen, og gler seg til søndag.



Førebuinga til søndag. Komitteen var i gang alt på fredagskvelden. Johan Bjørk er frå Finland.



Johan og Sigbjørn vaskar gulrotene og "eplene"

Søndagskaféen på Lerbrekk 1. Februar vart litt utanom det vanlege. Dette har eg lyst til å fortelja litt om. Eg vart kjend med Adriana Bjørk for ca 2 år sidan, då ho og John feira bryllaupet sitt på Lerbrekk. Adriana kjem frå byen Kosice (finn fram kartet!) Ho har studert og arbeidd i Noreg i fleire år. I dag arbeidar ho ved Lyefjell Avlastningsheim.

Idéen om å få til ein "velsmakande rett med aner på sentral Europa" som Adriana sa det, kom for eit halvår sidan, då nokre av oss var samla rundt kaffibordet på Lerbrekk. Samtalen kom inn på kulturelle likheter og ulikheter mellom dei ulike landa, og då var me fort over på dette med mat og matskikkar. "Det undrer meg, sa Adriana, hvor liten forskjell det egentlig er mellom det slovakiske kjøkken og det norske. Mange av de same råvarene er der. Det er heller måten å

kombinere og lage maten til på, som får ganen til å oppleve variasjon i smaken"

Og då, midt i samtalen kjem det frå Adriana: "Hvorfor ikke lage til en slovakisk middag her på skolen, om jeg får litt hjelp." "Eg vert med" sa Solfrid Undheim Bergersen, som var med rundt bordet. Her må me smi mens jernet er varmt, tenkte eg, og kom med forslag om dato.

"Jeg han nok ikke røpe alle kokekunstens hemmeligheter, smilte Adriana, men jeg gleder meg til søndagen. Jeg har så lyst å gi noe tilbake til skolen og vennelaget på Lerbrekk, til bygda ellers og folk på Jæren, som har vært til stor glede for meg".

Og søndagen vart vellukka med 70-80 personar som kosa seg med snitsel på kosiceansk måte med potet/gulrot-salat til.

Sigbjørn Varhaug.

 **Nybygg, påbygg og rehabilitering**
4360 Varabug • tlf. 975 21 200 • 51 43 07 34
Magnar Hellenen

HAUCK
PORTSERVICE AS

A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55

 **Solarium**
"Det er din helsetilstand med et godt Vitamin-mix"
Hage & Salongen AS
Dame & herreklipp
KERASTASE
LOREAL
RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Dette var godt sa Ingfrid Ueland.



Mykje folk og god stemning, sjølv med litt venting.



Ein fantastisk søndag. Litt karsleg sagt så kom det innom folk både frå Bodo og Australia

Nytt frå Misjonshuset

No er Misjonshuset snart utan gjeld. Me fekk no i februar utbetalt mesteparten av tippemillionen som omsider var innvilga i fjor. Resten vil verta utbetalt etter årsmøtet i mars, av di me treng eit årsmøtevedtak for å imøtekomma nokre formelle krav i samband med dette tilskottet. Ein kan difor snart avslutte gjevartenesta til nybygget som mange har slutta opp om, og då kan den einskilde gje meir til sin misjonsorganisasjon.

Ein er godt i gang med verksemda etter årsskiftet. Møteveker, basarer og årsmøter går sin gang. Misjonshuset sittt årsmøte vert 26. mars.

Dersom nokon ynskjer bestilla rom på Misjonshuset for konfirmasjon i 2010, må det meldast frå før 1. mai. Då vert det trekning blant dei som har meldt seg.

Også til bruk for bryllup er det stor pågang og så langt i år er det reservert for 6 bryllup.

For å sjå møteprogram og få informasjon om det som føregår på Misjonshuset, vil eg visa til nettsida til Misjonshuset: www.varhaug-misjonhus.no

Det er kontortid måndag og torsdag frå 1900 til 2100 og telefon er 51430808. (Frå 15. mai til 15. august er det kontortid berre frå klokke 2000 til 2100)

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



(Red.anm. Det spørst om me ikkje må laga til noko liknande ein annan gong og. Eg var der, og både maten og stemninga i lokalet elles var kjempegod. Liv)



Siste helsing til Prestakrysset

Den dagen den nye rundkjøringa i Prestakrysset er på plass, blir Varhaug aldri som før. Det har forresten Varhaug aldri vore. Vekst og endringar har alltid vore ein del av kvardagen vår. Og endeleg har jamlege smell og daglege nære på -uhell tvinga dei som styrer til å endre Prestakrysset til Presterundkjøringa.

Det farlege krysset fortener ikkje eit hyllande etterskrift. Men dersom krysset hadde hatt høve til å skrive bok om alt det hadde opplevd, ville det blitt ein stor lokal bestseljar.

I min lukkelege barndom var eg og andre ungar i nabolaget med far og jaga kyrne nordover langs det som i dag heiter Kydlandsvegen. Så lenge opphavet til namnet Prestakrysset, presten Lars Lie, hadde hugsa på å lukka grinda, var turen med den luntrande kufflokken mellom fjøset og beitet morgon og kveld, uddramatisk.

Dyra svinga vant til høgje i Prestekrysset der dei fekk den milde morgonsola frå Skretting midt i andletet. Kyrne jaga vekk iltre fluger med halane og gledde seg til morgonfriskt beitegras på nordsida av Buevegen. Dei var på fredeleg vandring, heilt utan fare for å bli most til spedd asfaltkjøtdeig av ein Scania semitrailer frå Håkull, hysterrisk buldrande vestover gjennom krysset med peiling mot riksveg 44. Dei store bilane som i dag opptek vegen, har fleire hjul enn det som var talet på dyr i kufflokken vår.

Skuleungane frå Kydland, Skretting, Auestad, Primstad og Tjemsland suste på 60- og 70-talet gjennom Prestakrysset på veg til skulen. Fotgjengarfelt og sykkelstiar hørde framtida til. Kanskje møtte dei skrålande,

koftekleddde syklistane med ransel på ryggen ein saktekøyrande skulebuss frå Olav Skretting. Kornelius på Komlavodl sin lastebil, med smågriser i lasta, visste å ta omsyn til dei mjuke trafikantane. Olav Kydland og andre trafikantar som brukte moped på veg til stasjonen, utgjorde liten fare for tryggleiken i Prestakrysset. Lastebilsjåføren med grus, på veg frå Refsland til det nye bustadfeltet hjå Jon i Dubland, bremsa alltid ned, i god tid før krysset.

Trafikken var liten. Prestakrysset var stort nok for trygg ferdsl, og alle vaksne visste at dei hadde vikeplikt for trafikk frå høgje. Det visste også far min. Men eg trur han må ha gløymt seg vekk ein augneblink ein sommardag i 196 . Han kom køyrande inn i Prestekrysset med sin eminente Tempolett trømped. Bak slepte han ei sykkelkjerre som var surra fast til bagasjebrettet med galvanisert ståltråd. I sykkelkjerre sat eg, saman med tre mjølkespann med surmjølk. Me var på veg med mjølk til kalvane. Far hadde leigd beite til ungdyra i Brekkå. Då far måtte bruke det han hadde, og ikkje hadde, av bremser for å unngå ein samanstyrt med dyrlege Eikeland, som hadde vore gjennom ein stri kalvefødsel i Primstad, gjekk det galt. Sykkelkjerre losna frå det ikkje alt for solide festet. Spanna og innhaldet fór til vers, og den vesle kvithåra 4-åringen, som sat fortumla i sykkelkjerre, vart om mogleg endå kvitare og surare.

Området kring Prestakrysset var sentralt i min barndom. Her trefte eg jamaldrande karar. Me bytte fotballbilete og slo ball. Praten om jenter me likte, var obligatorisk. Diskusjonen om bilar, motorsyklar og kven som hadde fått lov til å sjå laurdagskveldens utgåve av Kruttøyk,

var standard prosedyre. Og så tok me bilnummer. Då sat me i veggrofta i Prestakrysset og skreiv opp registreringsnummeret på alle bilane som passerte. Det kunne gå lang tid mellom farkostane som passerte krysset ein søndagsettermiddag i 1970. Dagens helt var han eller ho som hadde fått anna enn eit L-nummer på blokka.

Me såg opp til, og var litt redde, ungdommane som kryssa Prestakrysset for å samlast hjå Tveiten. Nokre av jentene hadde øyrepynt og neglelakk. Enkelte av dei tøffaste gutane hadde langt hår. Dei bles røyk ut or munn og nase utan å hoste, og dei hadde råd til brus og ei med alt i pølsebua hjå Tveiten.

Rydding og pynting i sentrum

Vi skriver tidlig mars og kjenner et snev av vår. Med våren kommer også "grapse" fra vinteren fram. Med gode "Ryddegiengen" i ryggen, kjenner eg ikkje på uro i forhold til at vårt nærmiljø skal forsøpplast. Denne gode gjengen av pensjonister går jevnlig over Sentrum med "plukkepinne", plastsekk og utstyr i hendene. Veldig bra!

Til våren vil det igjen varta planta blomster rundt omkring i Sentrum, noe som før og noe nytt. Dette krever også ettersyn, i ver som uver. Kunne nok tenkt meg at noen damer (pensjonister)

meldte seg til å gjøre en innsats for å holde Sentrum trivelig og innbydende med fine blomsterarrangement. Meld

Verda og Varhaug var mindre for 40 år sidan. Me ungane lærte snart rutine til dei som passerte Prestakrysset. Me kjende han som skulle til Tveiten på onsdagskvelden for å kjøpe 20 filterfrie Pall Mall og ei flaske Brigg. Ho, som kom glidande i Amazonen kvar måndag etter mjølketid, skulle ha Hjemmet og Allers og to tjuepakningar med Mentolett.

Me står ved eit vegskilje. Pølsene hjå Tveiten er berre eit svakt, men velsmakande minne. Det har blitt farleg å røykje, Brigg er ikkje lenger handelsvare, og Prestakrysset har gått ut på dato.

Ei siste helsing og takk til Prestakrysset!
Sjur

dere på hos Abraham Nord-Varhaug eller leder i Bedriftsforninga Jon Harald Håland eller undertegnede. Styret bedriftsforeninga (di næringsdrivende i Sentrum) vil en gang før planting, bløming arrangere et møte med pensjonistgjengen og bli enige om gjøremål og ansvar.

Vi må huske på at Varhaug Sentrum etter hvert er lite, og bedrifter flytter ut. Vi må handle Nå og ikke la tungsinnet ta oss, se muligheter og ikke la omkvedet bli at "det går ikke på Varhaug". En viktig faktor i dette er da å gjøre Sentrum innbydende og trivelig å være i og bu i .

Ha et trivelig og vårlig opphold i Sentrum

Lerbrekk skulehus

(Sjolv om det nå går mot vår ute, tek me likevel referatet frå julefesten med her)

Vennelaget hadde graudafesten torsdag 4. desember. Det kom 65 stk, slik at gangen måtte tas i bruk i tillegg til "nøra stovå" Veldig fult med andre ord, og då høver desse gamle orda; "der det er hjarterom er det og husrom" ofte her på Lerbrekk.

Borda var fint pynta til jul, og Brit Obrestad spela som vanleg på det gamle orgelet. Song gleder er alltid stor i Vennelaget, og gamle og kjente songar vart det mange av.

Odd Dubland var kveldens gjest. Han hadde som mange av oss visste, gått på Auestad skule. Han delte mange fine historier med oss i tillegg til songar, og til sist juleevangeliet

Grauten og småkakene smaka som vanleg godt, men det vart og tid til både drøs og utlodding .Brit og Sigbjørn song og i år visa "Julefred, juletre"

Olav L. Varhaug har i alle år i Vennelaget gjort veldig mykje arbeid på skulen. Kanskje ikkje alle ser alt han gjer, men me hadde nok merka det dersom han ikkje gjorde dette. Han vart takka med blommar for denne kjempejobben. Elles fekk både Odd, Brit og Sigbjørn blommar som takk for det dei hadde gitt oss denne fine kvelden.

ABB



**Innkalling til ekstraordinært årsmøte i
Varhaug Skulemusikkorps,
Tid: 31.mars 09, kl 19:30
Sted: Varhaug Skule, kjellaren, 1. klasse**

Styret i Varhaug Skulemusikkorps vil med dette
kalle inn til ekstraordinært årsmøte.

Styret vil at eit arbeidsår skal følgje kalenderåret,
og ikkje skuleåret, som nå. Dette krev vedtektsendring,
forslag blir lagt fram på årsmøtet.

Svolten?

*Me har det mesta
som får deg
god og mett!*



BØEN STORKIOSK
S P I L L O G K I O S K V A R E R

 **TIPPING**
WWW.NORSK-TIPPING.NO

V75  **TOTO**

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 • Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30



Høg-Jæren nærmer seg realisering

Høg-Jæren vindpark, på grensen mellom Time og Hå kommuner ved Skjæret nærmer seg realisering. Det har vært en lang vei å gå for Jæren Energi AS og prosjektselskapets eiere Eurus Energy Norway, Norsk Vind Energi og Norsk VindPro, men nå er det kun et par hinder igjen som må passeres før det kan tas en investeringsbeslutning om å sette i gang bygging av vindparken.

Flere milepæler er nådd for prosjektet det siste halvåret. Utbyggingsplanen som fastsetter endelig plassering av vindmøllene og veiene ble godkjent av både Time og Hå kommuner ved sommertider i 2008. Prosjektet består nå av 32 vindmøller, hver med en effekt på 2,3 MW som totalt kan produsere om lag 240 GWh. Dette er nok til å dekke strømforbruket til alle innbyggerne i Time og Hå kommuner.

Høg-Jæren vindpark mottok i de-

seember 2008 tidenes største støtte til et vindkraftprosjekt i Norge. Støtten er på inntil 352 millioner NOK og tilsvarer 32 % av investeringskostnadene til prosjektet. Regnet om i forhold til energiproduksjon tilsvarer denne investeringsstøtten om lag 13 øre/kWh som blir produsert. Jæren Energi ser på denne tildelingen fra Enova som en stor tillitserklæring og dette bekrefter at Høg-Jæren er et av de beste vindkraftprosjektene i Norge.

Jæren Energi er nå i slutfasen i forhandlingene med Siemens om vindmølleleveranse. Jæren Energi har nytt svært godt av Eurus Energy sin lange erfaring og kjennskap til ulike vindmølleleverandører og Eurus og Siemens har også samarbeidet om flere vindparker i andre land (bl.a. i Italia, Spania og Japan). Det jobbes også aktivt med entreprenører i forbindelse med bygg, anlegg, veier, oppstillingsplasser og fundamenter.

Det siste store hinderet i forhold til realisering av prosjektet er kraftprisen. Finanskrisen har ført til mindre industriforbruk og lavere priser på kull og olje. Alt dette påvirker de langsiktige strømprisene. Da det er inntektene fra kraftsalg som Høg-Jæren prosjektet skal leve av, er det klart at et fall i strømprisene endrer økonomien i prosjektet vesentlig.

Jæren Energi jobber nå med å få til en god nok kraftsalgsavtale samtidig som vi også jobber med andre elementer som kan forbedre økonomien i prosjektet. Jæren Energi har derfor god tro på at det vil fattes en investeringsbeslutning i løpet av våren.

Lensmannsløa

No hadde vennelaget planlagt å vera i gang med rehabiliteringa av løa på lensmannsgarden. Slik vart det ikkje.

Det var med vanntro me las rådmannen si innstilling til kommunestyret 19.02.2009. Kommunestyret hadde bede administrasjonen om å gå i dialog med Vennelaget for å avklara: roller og mandat, parkering og brannprosjektering og løysing på barnehagen sine behov. Administrasjonen kom med ei ny "sak" og innstilling: "...Løa vert brukt som lagerplass for kommunen m.a. for uteleikar for barnehagen. ..."

Å føreslå å gjera løa om til lager for

kommunen er ikkje mindre enn ein provokasjon og vitnar om manglande respekt både for politikarar, politiske vedtak og det arbeidet vennelaget har gjort - ikkje minst mot all dugnadsinnsatsen som vart gjort sist sommar for å restaurera vindauga i 1. etasje.

Rådmannen fekk sterk kritikk av politikarane på kommunestyremøtet. Administrasjonen vart tatt av saka, og det vart vedtatt å setja ned eit hurtigarbeidane politisk utval som skal ta seg av dei vidare avklaringane i forhold til rehabilitering av lensmannsløa. Sjå heile vedtaket ein anna plass i bladet.

Vennelaget ser fram til endeleg å koma i samarbeidsposisjon og dialog med kommunen, slik kommunestyret har vedteke gong etter gong, og håper på eit snarleg klarsignal for å begynna restaureringa av løa.

Kommunestyret har i sitt vedtak 8.mai 2008 uttalt at dei ser svært positivt på at "vi har fått eit Vennelag for Lensmannsgarden" og dei ber rådmannen gå i "dialog med bl.a med Vennelaget, for å utarbeide planer for videreutvikling av området." Det er kommunen som er eigar av lensmannsgarden og det er kommunestyret som gjer vedtak. Vennelaget skal vera eit støttelag for kommunen i

ALLTID

Vi nuller ut gebyrer og fjerner årsprisen!

ALLTID er vår gebyrfrie konto. Du får følgende helt uten å betale årspris eller månedspris:

- Gebyrfri SpareBank 1 VISA uten legitimasjon (med legitimasjon 275,- i årspris)
- Gebyrfri bruk av kortet når du betaler for varer og tjenester i hele verden
- Gebyrfri uttak av kontanter i alle SpareBank 1 minibanker i hele Norge
- Gebyrfri uttak av kontanter i alle minibanker i utlandet
- Gebyrfri regningsbetaling i TelefonBank, NettBank og MobilBank
- Gebyrfri veksling av valuta i våre minibanker
- Valgfritt motiv på ditt VISA kort
- Valgfri kontokreditt inntil kr. 50.000,-*

*forutsetter godkjent kredittvurdering



arbeidet med løa og lensmannsgarden. Vennelaget består av personar som ser løa som ein ressurs for bygda og kommunen, og som er villige til å bruka fritida si til å gjera ein jobb for kommunen.

Vennelaget er, på alle måtar, feil adresse når det gjeld frustrasjon over at løa skal takast vare på og at det skal koma aktivitet i løa. Vennelaget har berre gjort den jobben som kommuneadministrasjonen skulle ha gjort: planlegging for realisering av kommunestyrevedtaket 8.mai 2008 som seier at lensmannsgarden, med huset, tunet og løa

- skal vera ein kulturell møteplass
- har ein kulturhistorisk verdi som det er verd å taka vare på
- det skal vera aktivitetslokale for mange, men spesielt for barn og unge.

Dette overordna, kvifor ein i det heile vil ta vare på lensmannsgarden, har kome heilt vekk i dei siste diskusjonane.

Rådmannen har i tidlegare saksutgreiingar uttalt at "det er særleg aktuelt å bruka Lensmannsløa til aktivitet for uorganisert ungdom" og "I tillegg frivillighetssentral og tilbod til seniorar" og "Løa er også ein fin møteplass og arena for mange typar organisasjonsaktivitetar". Vidare har han uttalt at "mange av aktivitetane som vennelaget har i sitt forslag er kommunale oppgåver" og gitt vennelaget kreditt for val av løysingar: "løa sin kulturhistoriske verdi som Vennelaget har teke så godt vare på."

Rådmannen seier også "at det gamle huset, løa og tunet gir barnehagen mulighet til å vera i, og ta aktiv del i, ei viktig kulturhistorie på Varhaug" og "at barnehagen og omgivelsane rundt egner seg godt til føremålet og tilfredstillar barnehageloven..."

Vennelaget deler rådmannen sitt syn her, og det har vore gledeleg og stimulerande den interessa, som SFO og fleire barnehagar på Varhaug har vist, for å bruka løa.

Det ligg mykje arbeid bak forslaget til Vennelaget som er ein grundig og heilskapleg plan for restaurering og bruk av løa. Men det manglar løysingar på det som heile tida har vore kommunen sitt ansvar bl.a parkering. No har vennelaget forventningar til at ein, gjennom dialogen og samarbeidet med det politiske utvalet, vil koma fram til tilfredstillande løysingar med utgangspunkt i Vennelaget sitt forlag, slik at arbeidet med restaureringa av løa kan koma i gang. Mange i vennelaget er klar til dugnadsinnsats og vi veit det er mange som ser fram til å ta løa i bruk!

*For styret i
Vennelaget for Lensmannsgarden
Anny Hagesæter
sekretær*

Løa

i lensmannsgarden

Kommunestyrevedtak 19. 02.2009

1. Det opprettes et hurtigarbeidende utvalg av 7 politikere fra kommunestyret, som skal avklare vennelagets mandat. Rollefordeling, administrasjon av løa og utleie ect avklares også.
2. Slik en ser det, må barnehagens behov av lokaler/areal klargjøres skikkelig, samtidig som vennelagets ønsker for løa vurderes. Det må også avklares hvilken dugnadsinnsats som kan forventes av vennelaget ut fra omfanget av opprustningen av løa.
3. Kommunestyret ser imidlertid at parkeringstilhøvene er problematiske og ber utvalget legge frem en sak hvordan dette kan løses.

Som medlem av politikerutvalget velges:

1. Stein Aarsland
2. Reid Skjærpe
3. Mons Skrettingland
4. Svein Arve Nygård
5. Laila Luteberget
6. Trine- Jannike M. Rovik
7. Kari Nord-Varhaug

Leder: Mons Skrettingland



Medlemar av bygdekvinnelaget, kor er de?

Eg har vald denne spørjande overskrifta, og grunnen kjem her: I heile 2008 arrangerte Varhaug bygdekvinnelag, eller bondekvinnelaget som eg framleis seier, faste møte med godt program som kunne passa for dei fleste. Men så kjem det så lite folk. Når det helst berre er eit par utanom styret så er det ganske frustrerende for dei som har laga det heile til. Men styret starta det nye året med godt mot og blanke ark, og håpa at det skulle bli betre, men kva skjer? Til januarmøtet skulle skulekorpset koma og spela for oss som takk for gáva laget ga dei i høve 50 års jubileet. Då hadde i alle fall eg håpa på godt frammøte. Eg følte meg helst litt skamfull der eg sat å lytta til den fine konserten dei unge musikantane ga oss. Me var samla rundt eit bord, og det var ikkje stort! Men styret gjorde sitt beste, og Kjellaug var flink til å visa oss bakekunsten då ho laga natronkaker, eller hopp opp kaker. Dette er ein variant av lappar, og minna noko om dei gongkakene me fekk då me var på tur til Bedehusland.

Februarmøtet var lagt til Hå gamle prestegard, der me såg den fantastiske Papirklipputtstillinga i tillegg til biletserien Traktorland. Aud laga tacosuppe, og me hadde mykje allsong sidan Agnes, Olav og Irene stilte med trekkspel og gitar. Ein kjempegild kveld med godt frammøte. Her syntet det tydeleg kva munntil grunn metoden har og seia.

I mars er det ikkje medlemsmøte sidan det felles møtet mellom laga i Jær-regionen – sonemøte skal vera på Klepp 5. mars. Seinare i månaden er det fylkesårsmøtet på Bryne.

Så er det å håpa at det vil koma ein del folk når me skal det årvisse møtet i "Krånå" på Klokkeartunet. Der kan me kjøpa oss gode smørbrød til kaffen, og det vert lett underhaldning og mykje musikk.

28. mai skal bygdekvinnelaget på tur til Sogndalstrand med avreise kl. 1400. Meir informasjon kjem på plakatar og avis.

Neste post for laget er Varhaugmarken i juni, og deretter tek me ferie til den årlege basaren i august.

Håpar denne orienteringa kan gjera deg merksam på kva bygdekvinnelaget driv med, og me ynskjer å ha fleire med på laget. Møta våre er opna for alle, slik at det er ikkje berre eit medlemsmøte.

"Trivselbygda" er eit tema som står sentralt i arbeidet for bygdekvinnelaget på landsplan. Det prøvar og Varhaug bygdekvinnelag å arbeida etter, men det er ikkje alltid lett, når me er så få på møta. Eg er klar over at mange av oss er med i fleire lag og foreningar, det er eg og, men eg prioriterar alltid bygdekvinnelaget om eg er heime. Kom du og, laget treng deg!

Liv

Vil du gje eit bidrag til Varhaugbuen?

Først vil redaksjonen takka så mykje for gáva me fekk i fjor. Sidan responsen var så god då, og likeeins dei føregåande åra, legg med ved ein giro i første nummeret denne gongen og. Eg trur ikkje finanskrisa har ramma oss Varhaug folk så mykje at me ikkje har noko å gje vidare til eit godt formål (personleg føler eg at det er eit godt formål!) De kan og kjøpa eit års abonnement til ein som bur utanbygds. Dette kostar kr. 200. Det kan nemnast at bladet mellom anna vert send både til Nærbø, Vigrestad, Brusand, Flekkerøy og Vadsø. På førehand takk!

BOHUS ut – SKULE inn

Ja, så er Bohus eller Stuela'en på Varhaug historie. Kven kunne vel tenkt seg det for nokre år tilbake at ein av dei eldste butikkane på Varhaug skulle forsvinna. Dette bør me nok skriva meir om i neste nummer, og kanskje ta med eit intervju frå den nye butikken på Bryne?

Men så er det aldri så gale at det ikkje er godt for noko. Nå skal skulen nytta desse lokala i byggeperioden på den nye skulen. Og så vert det ny spenning når den nye skulen er ferdig, og elevane skal ut av Stuelandbygget; kva kjem i bygget då?

Besøk på Fjordkjøkken

Torsdag 12. februar hadde Varhaug bondelag og Varhaug bygdekvinnelag møte på Fjordkjøkken. Om lag 20 personar møtte opp i snøværet, me hadde håpa på fleire. Dagleg leiar Jarle Vidvei orienterte om historia til Fjordkjøkken. Det heile starta med seks middagsrettar, no vert det produsert nærare 50! Det gjekk fleire år før Fjordkjøkken gjekk med overskot, det tok heile sju år før eigarane kunne ta noko som helst utbytte. Dei siste åra har overskotet lege på om lag 10 prosent.

Sidan starten har det vorte investert for om lag 200 millionar, halvparten i bygningar og resten i maskinar. Då meieriet vart lagt ned arbeidde det om lag 25 personar der, no er det rundt 130. Etter den siste utbygginga kan produksjonen aukast opp endå meir og verta meir effektiv. Kjekt at det går så bra for ei bedrift på Varhaug.

Jarle Vidvei orienterte på ein flott måte. Takk til Fjordkjøkken for at vi fekk komme på besøk.

Tysdag 10 februar hadde me med 10 klasse på Varhaug ungdomskule på Tine sitt meieri på Nærbø, Prima Jæren i Kviamarka og på gardsbesøk hos Tommy Skretting for å sjå på det nye lausdriftfjøset hans.

Husk jerninnsamlinga sjå Petter Vagle. Det vart dessverre feil dato i informasjonsskriv. Rett dato skal vera laurdag 14 mars frå kl 10 til kl 14.



Coop Varhaug Tilbud fra 11.—21. mars



**Granulert
kalk** 25 kg

69,-

Hagejord
3x50 liter

99,-





Her lagar me natronkaker på januarmøtet til bygdekvinnelaget



Dekkhottell

Boning

Vi vil nå tilby
innvendig vask og
boning av biler.
Be om pris, då dette
kan variere alt etter
størelse og kva som
må gjerast

Bestill tid i dag! Tlf. 51 43 02 33

Vi oppbevarer dekk
for deg! Dette koster
kr 560,- pr sesong
Inkluderer hjulskifte,
vask og oppbevaring!
Vi tilbyr gode priser
på nye dekk!



Som medlem i Coop
får du ÷ 30 øre
pr. liter drivstoff

Varhaug - Tlf. 51 43 02 33



Sjølvs om det ikkje er så mange gonger i året at det er is på Grøden, så veit dei som bur i nærleiken å nytta den. Slik såg det ut andre juledag.



Nyhet! Terra IPS

Spar skatt mens du sparer til pensjon

Start sparingen idag!

TIME  **SPAREBANK**
- for Jæren

Tlf: 51 77 91 00 www.time-sparebank.no

Sjakk på Varhaug

Sjakken er nede i ein bølgedal: på Nærbø vart det ikkje noko frammøte, og på Varhaug skule er det stopp.

No er Hå skulesjakk i sving berre på Vigrestad. Dersom nokre på Varhaug vil vere med å spela, så ta kontakt med Per-Arvid på tlf. 92617652.



På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 i underetasjen i det gamle biblioteket ved jernbanen. Her er 8-12 ivrige gutar og jenter med, og 22. mars vert det KM for skulelag, her vonar me at med får to fulle lag fra Vigrestad.

Til våren vil me ha ein sjakkdag for Hå, dato er ikkje fastsett enno,.

Sjakk for vaksne: Heller ikkje på Bryne har det lukkast å få mange nok med til å starta opp sjakkklubb. Men for interesserte er det høve til å koma til Vigrestad torsdagar mellom 1900 og 2100. Her er det ei gruppe som spelar i underetasjen i det gamle biblioteket ved jernbanen

. Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Årsmøte Varhaugbuen.

Dette skal vera på Internatet måndag 30. mars 2009 kl. 19.30. Kvar organisasjon som er medeigar i Varhaugbuen har høve til å møte med ein representant med røysterett. Men møtet er ope for interesserte observatørar utan røysterett. Saker de ynskjer å ta opp på årsmøtet, bes sendt til styret innan 21. mars.

Jern innsamling.

Laurdag 14. mars kl. 10.00 - 14.00 kan du verta kvitt det jernskrapet du har gøymt på alt for lenge. Då har Varhaug bondelag innsamling av jern hos Peter Vagle. Rydd nå godt i maskinhus og elles, og kom med det du har. Det gir pengar i kassa til bondelaget, samstundes som du får det finare og trivelegare rundt deg.

SLÅING • RAKING • PRESSING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

VARHAUG hud- og fotterapi

v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 - 19
Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)

Kontorbygg/lager til leie på Varhaug

300 m fra sentrum og 400 m til togstasjonen



- Bra standard
- 1. etasje: 120m²
- 2. etasje: 330m² - kan innredes etter behov
- Byggeår 2008
- 15 parkeringsplasser
- Mulighet for å leie deler av bygget

For mer informasjon, kontakt Pål Skretting på tlf. 908 89 556.

PS service as

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Tlf. 908 89 556
Fax. 51 43 33 64



Jæren Gulv A/s

TEPPER - GULVBELEGG - PARKETT

Lerbrekk - 4360 Varhaug
Tlf. 91 68 89 22
Fax. 51 43 03 98
e-post: tjensvoll@c2i.net